

Elin opnar heimen på julaftan

22.11.2014



Elin, Anine og Linnea ynskjer velkommen til ei spesiell julefeiring

**Elin Enes i Uskedalen inviterer dei som ikkje har nokon  
å feire jul med eller som kvar seg til jul til å feire saman  
med henne og familien på julaftan. Det kunngjer ho i  
Grenda i dag. Ho vil få fokuset bort frå det materielle og over  
på det menneskelege og tilbodet er heilt gratis. Elin syter  
for god mat og lokale. Ho fekk ideen ifjor då 88-åringen  
Reidun Orrest kunngjorde at ho ikkje ville feire åleine.**

Alle er velkommen til å feire med Elin og hennar familie  
- alder og kvar dei kjem ifrå spelar ingen rolle. Det er  
plass til rundt 30 i Elins Matgleder og heile familien  
vil gjera ein innsats for at dei som kjem skal få ein fin  
julekveld. Elin skal sjølv lage maten og familien hjelpe til.  
Også jentene Linnea og Anine gler seg til denne spesielle dagen.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

Foto: Grenda